

Nyhendebrev 3/2024



## Landbrukskontoret for Gloppen og Stad

Her kjem eit nyhendebrev frå landbrukskontoret i Gloppen og Stad med fokus på søknadsfristar og ordningar. Har du spørsmål om noko, ta kontakt med oss!

### Søknadsfristar og viktige datoar i fjerde kvartal 2024

Her kjem ei lita oversikt på fristar vi har for å søkje om ulike støtteordningar, tilskot og andre fristar. De kan lese meir om ordningane på heimesidene våre.

Ordning	Søknadsfrist	Råme/rest, inkludert inndregne midlar	
		Gloppen	Stad
	<b>Felles for Gloppen og Stad</b>		
Straumstøtte	30. november	Les meir <a href="#">her</a> .	
Produksjonstilskot del 2	15. oktober	<a href="#">Landbruksdirektoratet PT og avløysartilskot</a>	
RMP (regionalt miljøtilskot)	15. oktober	<a href="#">Regionalt miljøprogram (RMP)   Statsforvalteren i Vestland (statsforvalteren.no)</a>	
Drenering	Løpande	Det står litt midlar att	
Tilskot til skogkultur	Løpande	100 000	100 000
Tilskot til skogsveg og taubane	Løpande	0	0


### Kart og søkjerettleiing - landbrukssøknadar

Vi har sett opp to dagar til rettleiing i kartverktøy og søknader om det er nokon som er interessert i det. Det er mange ordningar og søknader som krev at tiltak vert kartfesta både i jordbruk- og skogbruksnæring.

Dersom du er interessert i å vere med på ei økt for å lære meir om kartverktøya, **må du melde tilbake til Trine på e-post** [trine.alme@gloppen.kommune.no](mailto:trine.alme@gloppen.kommune.no)

**innan 27. september.**

Dersom ingen melder seg, blir det avlyst. Om det er mange frå ytre Stad som melder interesse, kan det vere aktuelt å ta ein dag på kommunehuset i Selje.



Teikning i gardskartet er aktuelt på mange søknadsordningar i landbruket. Illustrasjon: Karoline Bjerkeset, Gloppen kommune.

- 1. oktober 2024 kl. 19-21 på Rådhuset - Jektehola
- 3. oktober 2024 kl. 19-21 på Heradshuset – kommunestyresalen

Om tidspunkta ikkje høver, er det sjølvsagt mogleg å få rettleiing hos saksbehandlar på dagtid. Gjer vel å kom i god tid, ikkje vent til siste dagen før søknadsfrist...

## All permanent landbruksveg er søknadspliktig



Bygging av ny skogsveg.

Foto: Karoline Bjerkeset, Gloppen kommune.

Landbruksvegar (inkl. skogsvegar) skal handsamast etter

[landbruksvegforskrifta](#). Ein

landbruksveg er ein veg som har minst 50 % landbruksnytte. Alle andre vegar som ikkje har landbruksnytte, vert handsama etter plan- og bygningslova. Det som er viktig å hugse er at ALL permanent veg er søknadspliktig uavhengig av lengde.

Ved tvil om det er ein landbruksveg eller ein annan type veg, ta kontakt for drøfting. Kommunen vil vurdere dette uansett ved innsending av søknad og

sørge for at den vert handsama etter riktig regelverk. Mindre tiltak som å reparere skadar, fylle på med grus eller enkel opprusting er ikkje søknadspliktig, men det kan vere vanskeleg å vite. Ta kontakt med landbrukskontoret om du er usikker slik at du unngår å kome opp i ein kjedeleg situasjon. Ombygging av eksisterande veg som medfører breiddeutviding og betre vegklasse, er å sjå på som søknadspliktig tiltak.

Om ein til dømes har bygd landbruksveg utan å søkje, vil dette vere ein ulovleg bygd landbruksveg og kommunen har ikkje høve til å ettergodkjenne denne etter landbruksvegforskrifta. Vegen vil då måtte handsamast etter regelverket i plan- og bygningslova som har andre sakshandsamingsreglar og som vil kunne ha andre krav til underlag til søknaden. I tillegg vert det også lagt på eit gebyr for handsaming etter vanlege byggesaksreglar.

Dette er ei klårgjering som har kome etter at Landbruks- og matdepartementet oppheva vedtak [gjort av Statsforvaltaren i Vestland som ettergodkjende ein landbruksveg i Bergen kommune i 2022](#).

## GARDSKART – MARKSLAG – ENDRINGAR

NIBIO har gjennomført periodisk ajourhald av markslag (AR5). Areal med fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite har fått ein del endringar gjennom NIBIO sitt ajourhald no i august 2024. Vi ber alle om å sjekke gardskart i god tid før søknad om produksjonstilskot (PT) og RMP slik at riktige tal for areal blir lagt inn i søknaden.


Om der er gjort endringar av NIBIO på ditt jordbruksareal som du meiner ikkje er rett, må du ta kontakt med kommunen for å få gjennomført ei vurdering av arealet.

Kommunen har fått i oppdrag frå NIBIO å sjå på ein del areal, der dei er usikre på status for markslag. Kommunen må ut i felt, og dei dette gjeld blir kontakta i forkant.

### Informasjonsbrev

Vi vil informere om at arealressurskartet i **Gloppen og Stad** kommune er oppdatert. Det betyr at arealtala i gardskartet ditt kan være endra.

### Sjå oppdatert kart



The screenshot shows a web interface for 'Gardskart'. It has a list of map layers on the left, including 'Markslag (AR5) 7 klasser' (selected), 'Markslag (AR5) 13 klasser', 'Arealtype myr (AR5)', 'Erosjonsrisiko - flateerosjon', 'Jordressurs', 'Helling jordbruksareal', 'Bonitet (AR50), 9 klasser', and 'Gardskart uten tema'. Below this is a section for 'Endring AR5:' with three radio button options: 'okt. 2023 - nå' (selected and highlighted in yellow), 'okt. 2022 - okt. 2023', and 'okt. 2021 - okt. 2022'. There is also a slider below these options. At the bottom, there are checkboxes for 'Gårds- og bruksnummer' (checked), 'Driftssenter landbrukseieendom' (checked), and 'Alle driftssentre' (unchecked). The interface also shows 'Bakgrunnskart' and 'Andre kartlag' sections.

Det kan være lurt å sjå på kartet og arealtala no. Det er desse tala søknad om arealtilskot blir kontrollert mot ved førstkomande søknadsomgang. Sjå gardskart her: <https://gardskart.nibio.no> For å sjå på endringar i kartet etter førre søknadsfrist, vel **Endring AR5** i lista på venstre side, vel deretter det øvste valet: **Okt. 2023 – nå.**

Meld frå til oss på landbrukskontoret om det er noko du reagerer på.

### Kvifor er det gjort endringar?

Det er Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) som har oppdatert kartet. Når NIBIO oppdaterer arealressurskartet samanliknar dei kartet med det dei ser i nye flybilde, saman med kart med oppdaterte vegar og med opplysningar frå første gangs feltkartlegging.

Dei fleste oppdateringar som er gjort skuldast at det har skjedd endringar i landskapet, som nydyrking, nedbygging, tilplanting eller gjengroing. Det kan også vere at kartet tidlegare inneheldt feil som no er retta opp.

Det er arealets tilstand som skal leggest til grunn for klassifiseringa, ikkje bruken av arealet. Til dømes skal eit område som tilfredsstillar definisjonen for «fulldyrka jord» og kan fornyast ved pløying, registrerast som fulldyrka, sjølv om det brukast til beite.

### Meir informasjon om arealressurskartet (AR5)

På NIBIO sine [nettsider](#) kan du finne meir informasjon om kartet AR5. Det er også laga ei [brosjyre](#) om arealressurskartet.

### Vidare oppdatering

Kommunen vil halde arealressurskartet (AR5) oppdatert framover, og legge inn endringar når det skjer endringar i landskapet. Gi beskjed til kommunen når det er gjort endringar på eigedomen din som påverkar jordbruksarealet. Då er det lettare for oss å holde AR5 oppdatert.

## Tilskot ved produksjonssvikt



Føretak som har stor reduksjon i avling grunna klimatiske tilhøve, kan søkje erstatning for dette gjennom ordninga tilskot ved produksjonssvikt. Det er verdt å merke seg at det er ein eigendel på eventuelle tap på 30 prosent.

Dersom det er mistanke om eller betydeleg reduksjon i avlinga skal det meldast frå om dette til kommunen snarast mogeleg.

Deretter søkjer ein om sjølve erstatninga som skal gjerast digitalt: [Produksjonssvikt](#).

Kontakt landbrukskontoret om du har spørsmål om ordninga.

## Husdyrgjødsel

Vi minner om at siste dato for spreiiing av husdyrgjødsel utan nedmolding er **20. september**.

Dersom det er gode grunnar for det, kan det søkjast utsett frist for denne type spreiiing. Det vert mellom anna sett krav om volum per dekar og avstand til vatn i slike dispensasjonar.

Søknadsskjema ligg på kommunane si heimeside. I [Gloppen](#) finn du skjema under fana landbruk og utmark. I [Stad](#) ligg skjema under fana teknikk og miljø.

## Regionalt miljøtilskot i jordbruket (RMP)

Ordninga gjeld tilskot for å gjere miljøtiltak på eigen gard eller leigejord. Ved å klikke på tiltaksnamna under finn du krav, avgrensingar, tilskotssatsar og informasjon om tiltaket.

Tiltak	Forklaring	
<b>Kulturlandskap</b>		
§ 4	2024 <a href="#">Drift av bratt areal</a>	Slått og hausting av bratt, dyrka grasareal, og drift av bratt hagebruksareal med næringsføremål
§ 5	2024 <a href="#">Drift av beitelag</a>	Driftstilskot til beitelag (utmark)
§ 6	2024 <a href="#">Beiting av verdifulle jordbrukslandskap i innmark</a>	Skjøtselsbeiting med geit på innmarksbeite.
§ 7	2024 <a href="#">Beiting av verdifulle jordbrukslandskap i utmark</a>	Sau på utmarksbeite frå og med 600 meter over havet.
§ 8	2024 <a href="#">Slått av verdifulle jordbrukslandskap</a>	Slått av veglaus dyrka mark
<b>Biologisk mangfald</b>		
§ 9	2024 <a href="#">Slått av slåttemark</a>	Slått av slåttemark og lauveng registrert i Naturbase
§ 10	2024 <a href="#">Beiting av kystlynghei</a>	Vinterbeiting av kystlynghei registrert i Naturbase
§ 11	2024 <a href="#">Brenning av kystlynghei</a>	Brenning av areal som vert vinterbeita og som er godkjent for tiltaket Beiting av kystlynghei
§ 12	2024 <a href="#">Skjøtsel av truga naturtypar</a>	Beiting av naturbeitemark og hagemark registrert i Naturbase
§ 13	2024 <a href="#">Skjøtsel av styvingstre</a>	Styving av styvingstre i søknadsåret

§ 14	2024 <a href="#">Soner for pollinerande insekt</a>	Tiltaket gjeld berre i Lærdal kommune. Beiting og slått av pollinatorvenlege soner på og ved jordbruksareal.
§ 15	2024 <a href="#">Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl</a>	Markering av reir og sein slått ved reir for vipe, åkerrikse og storspove på jordbruksareal.
<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>		
§ 16	2024 <a href="#">Drift av seter</a>	Drift av støl med mjølkeproduksjon med levering til meieri eller eigen foredling
§ 17	2024 <a href="#">Skjøtsel av automatisk freda kulturminne</a>	Beiting og slått ved automatisk freda kulturminne på eller inntil jordbruksareal
<b>Avrenning til vatn og utsepp til luft</b>		
§ 18	2024 <a href="#">Kantsone i eng</a>	Gjødsel- og sprøytemiddelfri sone i eng ved utvalde vassdrag.
§ 19	2024 <a href="#">Spreiing av all husdyrgjødsel om våren og/eller i vekstsesongen</a>	Spreiing av all husdyrgjødsel føretaket skal spreie innan 10. august. Gjeld berre nær elvemuslingsvassdrag.
§ 20	2024 <a href="#">Nedlegging av husdyrgjødsel</a>	Nedlegging av husdyrgjødsel innan 10. august på det arealet ein søker tilskotet for. Dersom ein brukar tilførselsslange, må ein søke om TO tilskot (§20 og § 22) for å få fullt tilskot.
§ 21	2024 <a href="#">Nedfelling av husdyrgjødsel</a>	Nedfelling av husdyrgjødsel innan 10. august på det arealet ein søker tilskotet for. Dersom ein brukar tilførselsslange, må ein søke om TO tilskot (§21 og §22) for å få fullt tilskot.
§ 22	2024 <a href="#">Spreiing av husdyrgjødsel med tilførselsslange</a>	Tiltaket gjeld berre i kombinasjon med nedlegging (§20) eller nedfelling (§21).
<b>Plantevern, jord og jordhelse</b>		
§ 23	2024 <a href="#">Nedkjemping av ugras i radkulturar</a>	Flamming eller mekanisk bekjemping av ugras i potet- og grønsaksproduksjon.
§ 24	2024 <a href="#">Fangvekstar sådd etter hausting</a>	Såing av fangvekst etter tidleg hausting innan potet- og grønsaksproduksjon.
<b>Klimarådgeving</b>		
§ 26	2024 <a href="#">Klimarådgeving</a>	Klimarådgeving med NLR og/eller Tine der det vert laga klimatilaksplan for føretaket. Tiltaksplan skal leggjast ved søknaden.

Søknadsportalen opna 15. september, så her er det berre å søkje! Søknadsfrist 15. oktober.

## Produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket

Jordbruksføretak som driv med husdyr- og/eller planteproduksjon, kan søkje om produksjons- og avløysartilskot. Føretaket må oppfylle visse vilkår for å ha rett på tilskot. Føretaket må mellom anna vere registrert i Einingsregisteret og drive vanleg jordbruksproduksjon. Det er forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket, jordbruksavtala og forvaltningslova som regulerer og er styrande for behandling og tildeling av tilskot.

Les meir på Landbruksdirektoratet si heimeside om [Produksjonstilskot oktober 2024](#)

## Tilskot til drift av beitelag

Det kan gjevast tilskot for drift av beitelag som er registrerte i Einingsregisteret og som har beitedyr i utmark. For at søknaden skal kunne godkjennast må:

- Beitelaget ha minst to medlemmar.
- Dyra ha vore minst fem veker på utmarksbeite.
- Beitelaget har organisert tilsyn og sanking tilpassa lokale tilhøve (minimumskrav er felles ettersankedato for beitelaget/kommunen).
- Beitelaget har levert inn årsrapport i, eller som vedlegg til, søknaden (årsrapporten kan skrivast i fritekstfeltet i søknaden).

Årsrapporten skal innehalde:

1. Dato for årsmøte i søknadsåret.
2. Sum midlar på konto per 1. november i søknadsåret.
3. Kort årsmelding som syner aktivitet i beitelaget og målretta bruk av midlar for beitebruk i utmark i søknadsåret, samt eventuelle utfordringar for beitelaget og beitebruken.

Landbrukskontoret i Gloppen og Stad ynskjer alle saman ein fin haust!

Helsing Trine, Bernt, Odd-Harald, Karoline og Lindis



*Utsyn mot Hyeneshesten. Foto: Karoline Bjerkeset, Gloppen kommune.*